


Kjetil Mork

**Utslepp og rensing av avløpsvatn.
Datakvalitet og beregningsmåter**

Notater



Samandrag

Utslepp av næringsstoff som fosfor og nitrogen fører ofte til overgjødning (eutrofiering) av elvar, innsjøar og sjøområde. Overgjødning reduserer vasskvaliteten og fører i mange tilfelle til algeoppblomstring. På grunn av dei alvorlege konsekvensane av slike utslepp, er det dei seinare åra satsa mykje på rensing av avløpsvatn. Denne rapporten presenterer fylkes- og landstal for ein del sentrale sider ved utslepp og rensing av avløpsvatn, og ser samtidig nærare på berekningsmetodar og kvaliteten på dei dataene som ligg til grunn for berekningane.

Totalt er det i 1996 registrert 2 210 renseanlegg på minst 50 personeiningar i Norge, Hordaland har med sine 303 anlegg flest, medan Vestfold har færrest med berre 38. Til saman hadde norske renseanlegg same året ein hydraulisk kapasitet på om lag 5.4 millionar P.E. Denne kapasiteten fordeler seg med 63% på kjemiske anlegg, 25% på mekaniske, 8% på kjemisk/biologiske, 2% på biologiske og 2% på andre løysingar.

Det er for 1996 berekna utslepp av om lag 1 700 tonn fosfor og 21 600 tonn nitrogen. Det aller meste av dette er utslepp av rensa avløpsvatn frå renseanlegg og tap frå leidningsnett (53% av fosfor- og 69% av nitrogenutsleppa), resten kjem frå anna tett busetnad (13% og 8%) spreidd busetnad (20% og 14%) og direkte utslepp av urensa kloakk frå kommunalt nett (14% og 9%). Når det gjeld dei totale utslepp av fosfor og nitrogen, er det Oslo/Akershus og fylka frå Rogaland og nordover langs kysten som er dei største bidragsytarane. Gjennomsnittleg utslepp av fosfor og nitrogen pr person er for Nordsjøfylka berekna til 0.19 kg og 4.4 kg, medan det for resten av landet er 0.63 kg og 5.6 kg. For landet totalt er utsleppa på 0.39 kg fosfor og 4.9 kg nitrogen pr person.

Total slamproduksjon i Norge i 1996 er berekna til om lag 95300 tonn slamtørrstoff. 58% av dette vart brukt som jordforbetningsmiddel på grønt- og jordbruksareal. Resten vart brukt som dekkmasse på avfallsfyllingar, lagra på egne deponi og mellomlager eller levert til komposteringsanlegg.

Til dels store manglar er avdekka både i datagrunnlaget og i berekningsmetodane. For å betre kvaliteten på sluttproduktet, er det viktig at det vert rapportert inn så gode og fullstendige tal som mogleg. Dette er i første rekkje kommunane sitt ansvar, men der ligg eit stort ansvar både på miljøvernavingane og SSB når det gjeld å følgje opp rapporteringa frå kommunane. Bakerst i dette notatet er det nokre vedlegg som fylkesvis lista opp dei anlegga som manglar forskjellige vitale opplysningar. Det er ønskjeleg at miljøvernavingane går nøye gjennom desse vedlegga og gjer kommunane merksame på dei eksisterande hola og manglane i databasen, slik at alle bidreg til best mogleg kvalitet på dataene.

Innhald

1. Innleiing.....	2
2. Innhald i SSB-AVLØP	2
3. Ulike omgrep og definisjonar	3
4. Metode.....	4
4.1 Innsamling av data	4
4.2 Revisjon av data.....	5
4.3 Berekning og estimering	5
4.3.1 Utslepp av fosfor og nitrogen.....	5
4.3.2 Renseeffekt for ulike typar renseanlegg	6
4.3.3 Slamproduksjon	6
5. Resultat.....	7
5.1 Avløp og rensing. 1996.....	7
5.1.1 Talet på renseanlegg	7
5.1.2 Rensekapasitet og -prinsipp	8
5.1.3 Renseeffekt for ulike typar anlegg	9
5.1.4 Utslepp av fosfor og nitrogen.....	10
5.1.5 Direkte utslepp av urensa avløpsvatn frå kommunalt leidningsnett	12
5.1.6 Slamproduksjon og bruksmåtar.....	14
5.2 Innrapporteringsgrad, datakvalitet og uvisse knytta til berekningane.	16
5.2.1 Innrapportering	16
5.2.2 Datakvalitet og berekningsmåtar.....	20
5.2.3 Uvisse knytta til standardverdiar for renseseffekt.....	22
5.2.4 Uvisse knytta til dei spesifikke forureiningstala.....	23
5.2.5 Uvisse knytta til P.E. berekningane.....	23
5.2.6 Tap frå avløpsnettet	24
6. Konklusjon	24
Referansar.....	26
Vedlegg	
1: Talet på anlegg totalt, og fordelt etter storleik (hydraulisk kapasitet, P.E.). 1996.....	27
2: Hydraulisk kapasitet fordelt på renseprinsipp. P.E. 1996.....	28
3: Berekna renseseffekt på ulike stoff utifrå målte inn- og utløpsverdiar på renseanlegg med ulike renseprinsipp, og talet på anlegg (n) med målingar. Heile landet. 1996.	29
4: Folketal pr 1.1.96, totale utslepp (tonn/år) og utslepp pr person (kg/år) av fosfor og nitrogen. 1996	29
5: Direkte utslepp av fosfor og nitrogen i urensa kloakk. Totalt pr fylke (tonn/år) og prosentfordeling på resipienttype. 1996.....	30
6: Total slamproduksjon i tonn slamtørrstoff, og prosentfordeling på bruksområde. 1996	31
7: Anlegg som manglar opplysningar om renseprinsipp.....	32
8: Anlegg som manglar opplysningar om hydraulisk kapasitet.....	34
9: Anlegg som manglar opplysningar om hydraulisk belastning.	36
10: Nedlagte anlegg som manglar opplysningar om nedleggingsår.....	41
11: Anlegg som manglar opplysningar om oppstartsår.	44
12: Anlegg som kjem ut med null utslepp som følge av at dei manglar opplysningar om enten utsleppsmengde, konsentrasjon og vassmengde, hydraulisk belastning, talet på P.E. tilknytt eller renseprinsipp.	59
13: Kommunar som manglar opplysningar eller har oppgjeve null på anlegg og personar i spreidd busetnad.	63
Dei sist utgitte publikasjonane i serien Notater	64

1. Innleiing

Statistisk sentralbyrå (SSB) og Statens forureiningstilsyn (SFT) har gjennom meir enn 10 år samarbeidd om innsamling av opplysningar frå kommunale avløpsrensaneanlegg og andre avløpsrelaterte data. Sidan 1991 har denne registreringa skjedd gjennom dataprogrammet SSB-AVLØP som er installert hos fylkesmennene sine miljøvernavdelingar (FMVA). Miljøvernavdelingane er då ansvarlege for å hente inn data frå dei ulike kommunane, og deretter rapportere desse opplysningane vidare til Statistisk sentralbyrå, som er ansvarleg for revisjon og bearbeiding av dataene.

Hovudføremålet med SSB-AVLØP er å danne datagrunnlaget for utarbeiding av statistikk for avløpssektoren, og samtidig dekkje Miljøverndepartementet (MD) og SFT sine behov for data på dette området. Resultata frå SSB-AVLØP er viktige for MD og SFT ved til dømes kontroll av om nasjonale og internasjonale målsetjingar vert oppfylte, ved kontroll av ulike investeringar sin miljøeffekt, og dermed ved prioritering av vidare innsats på sektoren, ved fordeling av statlege tilskot og ved utarbeiding av nye retningslinjer. Utsleppstal frå SSB-AVLØP blir nytta blant anna som delgrunnlag for å berekne dei samla tilførslane av fosfor og nitrogen til kystområda rundt Norge, og databasen inngår som ein viktig del i den internasjonale rapporteringa. I tillegg er SSB-AVLØP som database meint å vere eit viktig hjelpemiddel i det daglege arbeidet i miljøvernavdelingane i dei ulike fylka.

Hovudføremålet med denne rapporten er å presentere statistikk på fylkesnivå over nokre av dei fysiske aspekta ved kommunalt avløp, og samtidig dokumentere og prøve å korrigere for ein del av den uvissa som er knytta til utsleppsberäkningane og kvaliteten på dei innrapporterte dataene. Rapporten gjer kort reie for omgrep og metodar som er brukt, og på grunnlag av resultata er det utarbeidd forslag til eventuelle framtidige endringar og satsingsområde.

2. Innhald i SSB-AVLØP

Følgjande opplysningar vert, i den grad dei er tilgjengelege, rapportert inn frå kvar kommune:

1. Renseanlegg

- Eigarforhold
- Kartfesta posisjon
- Resipienttype og -namn
- Renseprinsipp
- Hydraulisk kapasitet og -belastning
- Slambehandling og -disponering
- Slamdeklarasjon - næringssalt og tungmetall
- Innløps- og utløpskonsentrasjonar av bl.a. fosfor, nitrogen, organisk materiale og suspendert stoff
- Renseeffekt og utsleppsmengder av nemnde stoff.

- Tal på personar knytta opp mot anlegget og bidrag (pe) frå servicebedrifter, institusjonar o.l.
2. Direkte utslepp av urensa kloakk frå kommunalt nett
 3. Utslepp frå anna tett busetnad (ikkje definerte rensedistrikt)
 4. Utslepp frå spreidd busetnad
 - fast busetnad
 - fritidsbusetnad
 5. Leidningsnett
 - Type materiale
 - Lengde
 - Tal på overløp og pumpestasjonar
 6. Økonomiske data
 - Gebyrsatsar og -inntekter
 - Forvaltnings-, drifts- og vedlikehaldskostnadar
 - Investeringar på avløpssektoren dei siste 20 åra
 - Planlagde investeringar dei neste sju åra

3. Omgrep og definisjonar

Avløpsrenseanlegg vert tradisjonelt delt inn i tre grupper etter rensesprinsipp: Mekaniske, kjemiske og biologiske. I tillegg kjem kombinasjonar av desse grunntypene.

Mekaniske avløpsrenseanlegg omfattar slamavskiljarar, rister, silar, sandfang og sedimenteringsanlegg, og fjernar dei største partiklane frå avløpsvatnet.

Høggradige avløpsrenseanlegg omfattar anlegg med biologisk og/eller kjemisk rensetrin. Ved biologisk rensing vert det hovudsakleg fjerna lett nedbrytbart organisk stoff ved hjelp av mikroorganismar. Ved kjemisk rensing vert det tilført kjemikalier i rensesprosessen for å fjerne fosfor. Høggradige avløpsrenseanlegg reduserar mengda fosfor og andre forureinande stoff meir effektivt enn mekaniske.

Eit **rensedistrikt** er eit geografisk definert område i ein kommune som leverer avløpsvatn via kommunalt leidningsnett til eitt felles rensesanlegg.

Anna tett busetnad er tettbygde strøk i kommunen som ikkje er inngår i definerte rensedistrikt, men som heller ikkje har separate avløpsanlegg slik som spreidd busetnad. Ikkje alle kommunar/fylker brukar denne kategorien, som er meir som ein samlepost for den delen av den tettbygde busetnaden som ikkje inngår i def. rensedistrikt. Kan omfatte både direkte utslepp og rensesanlegg.

Spreidd busetnad omfattar alle husstandar med separate avløpsanlegg av følgjande type: Direkte utslepp, slamavskiljar, minirensesanlegg med eller utan felling, infiltrasjonsanlegg, sandfilter, separat kloakkløysing eller tett tank.

Direkte utslepp er utslepp av urensa avløpsvatn frå kommunalt leidningsnett.

Personekvivalentar (pe) er avløp frå industri, institusjonar o.l. omrekna til avløp frå eit tilsvarande tal på personar.

Personeiningar (P.E.) er summen av talet på fastbuande personar og personekvivalentar i eit område.

Spesifikk forureiningsproduksjon er den mengda av visse forureinande stoff som ein person slepp ut i løpet av eit døgn (forutset at ein er til stades 100% av tida). Følgjande spesifikke verdiar vert brukt i berekningane våre: Fosfor: 1.6 g pr person pr døgn, nitrogen: 12 g pr person pr døgn.

Hydraulisk kapasitet er den mengda avløpsvatn eit renseanlegg er dimensjonert til å behandle.

Hydraulisk belastning er den mengda avløpsvatn eit renseanlegg faktisk behandlar.

Nordsjøavtalene refererar til dei felles deklarasjonane frå landa rundt Nordsjøen om å redusere forureininga av Nordsjøen. Ei av målsetjingane var å halvere tilførslane av næringsstoffa nitrogen og fosfor i perioden 1985 - 1995.

Nordsjøfylka eller Nordsjøområdet er nemninga på det norske området som er berørt av Nordsjøavtalene. Dette området består av fylka frå Østfold til og med Vest-Agder. Omtrent alt areal i desse fylka drenerer til Nordsjøen.

BOF₇ og **KOF** står for biokjemisk- og kjemisk oksygenforbruk, og er mål på mengda organisk materiale i avløpsvatnet.

SS står for suspendert stoff/materiale, og er eit mål på mengda av partiklar (organiske og uorganiske) i avløpsvatnet

4. Metode

4.1 Innsamling av data

Til liks med tidlegare år er dataene for 1996 samla inn gjennom SSB-AVLØP. Dette er eit Windows-basert elektronisk rapporteringssystem med dBase som databaseplattform. Programmet er distribuert til miljøvernavingane på diskett saman med ein skriftleg rettleiar.

Miljøvernavingane hentar inn data frå kommunane på ulike måtar. Nokre samlar inn data ved hjelp av skjema og telefon, medan andre i tillegg nyttar register og årsrapportar frå kommunane. Registrering og rapportering er gjort av miljøvernavingane sjølve, eller ved hjelp av innleigd driftsassistanse.

Miljøvernavingane har frist til 1. april med å rapportere vidare til SSB. Svært få fylke overheld denne fristen, men situasjonen har betra seg noko dei siste åra.

4.2 Revisjon av data

FMVA har ansvaret for å kvalitetssikre dei opplysningane dei får inn frå kommunane. Omfanget av denne første revisjonen varierer frå fylke til fylke, men det verkar som om tendensen går i retning av ein meir grundig revisjonsprosess. Ein grundig gjennomgang av innsamla opplysningar på dette nivået vil lette SSB sitt arbeid med kvalitetssikring, og dermed spare FMVA for mykje arbeid som følgje av puring og kontrollspørsmål frå SSB.

SSB står for den endelege kontroll og revisjon av dataene. Revisjonsprosessen startar så snart SSB mottok data frå miljøvernavingane rundt om i fylka. Store avvik mellom rapporterte tal for inneverande år og tal frå tidlegare år vert notert ned og etter samråd med FMVA enten bekrefte eller endra. Samtlege FMVA vart under siste revisjonsrunde oppringde for å oppklare eller bekrefte "tvilsame" tal eller for å få inn tal som i utgangspunktet mangla.

4.3 Berekning og estimering

4.3.1 Utslepp av fosfor og nitrogen

Utsleppa vert berekna for kategoriane rensedistrikt/-anlegg (inkluderar kategorien "ikkje def. rensedistrikt"), spreidd busetnad og direkte utslepp. Summert opp utgjer dette dei totale utsleppa av fosfor og nitrogen til dei ulike resipientane.

Utslepp frå renseanlegg

Når det gjeld berekningar av utsleppa av fosfor og nitrogen frå renseanlegg, varierer desse alt etter kva for opplysningar ein har tilgong på for det aktuelle anlegget. For store anlegg i Nordsjøområdet er det jamt over gode målingar som gjev nøyaktige berekningar. Mindre anlegg eller anlegg utanfor Nordsjøområdet manglar derimot ofte vesentlege opplysningar som utsleppsmengde eller innløps- og utløpskonsentrasjonar. Her må ein då ta utgangspunkt i hydraulisk belastning eller talet på personeiningar (P.E.) som er tilknytt anlegget. Våre utsleppsberäkningar blir då utført på følgjande måte:

- | |
|--|
| <ol style="list-style-type: none">1. Utsleppsmengde (kg)
↳ Utsleppsmengde ikkje oppgjeve2. Utløpskonsentrasjon (middel) * Vassmengde (middel)
↳ Utløpskonsentrasjon eller vassmengde ikkje oppgjeve3. Hydraulisk belastning (P.E.) * Spesifikk forureiningsproduksjon pr person * Standard renseeffekt
↳ Hydraulisk belastning ikkje oppgjeve4. Personeringar tilknytt anlegget (P.E.) * spesifikk forureiningsproduksjon pr person * standard renseeffekt. |
|--|

Sidan hydraulisk belastning i mange tilfelle vert berekna utfrå talet på personar tilknytt, vert berekningsmåte 3 og 4 i kap. 5.2 vurdert under eitt opp mot dei to andre berekningsmåtene.

Utslepp frå spreidd busetnad

Når det gjeld utslepp frå spreidd busetnad er det nokre kommunar som manglar tal. I desse tilfella er det estimert utslepp på grunnlag av det innbyggjartal og den andel av innbyggjarane

som bur i spreidd busetnad som er oppgjeve i Statistisk årbok. Fylkesvise tal vert då berekna på følgjande måte:

Utslepp pr person (1) = Utslepp frå spreidd busetnad i kommunane med opplysningar / talet på innbyggjarar i desse kommunane.

Estimert utslepp pr person (2) = Innbyggjarar i kommunane utan opplysningar¹ * andel i spreidd busetnad i desse kommunane¹ * utslepp pr person (1)

Totale utslepp frå spreidd busetnad = Oppgjevne utslepp + estimerte utslepp (2)

¹ Tal vert her henta frå Statistisk årbok

Dei oppgjevne utsleppstala er berekna utfrå opplysningar om type avløpsanlegg, som bestemmer renseeffekten, samt talet på personeiningar tilknytta anlegget og spesifikk forureiningsproduksjon pr person pr døgn.

Ei endring i datakvaliteten, til dømes ved at ein tidlegare berre hadde hydraulisk belastning for eit anlegg og så får inn opplysningar om utsleppskonsentrasjonar, vil med andre ord føre til endringar i berekningsmåten og sannsynlegvis endringar i berekna utsleppsmengde. Følgjene av dei ulike berekningsmåtane på dei totale utsleppstala vert evaluert i kap. 5.2.

4.3.2 Renseeffekt for ulike typar renseanlegg

I motsetnad til tidlegare publiserte tal der estimerte inn- og utløpsmengder har vore lagt til grunn saman med målte verdiar, vil vi her ta utgangspunkt berre i anlegg med målingar på konsentrasjon i inn- og utløpsvatnet. Dette reduserer talet på anlegg med tilgjengelege data, men bidreg samtidig til å fjerne den uvissa som er hefta ved dei estimerte tala.

Resultatet her vil då gje ein peikepinn på kor god renseeffekt ein har på dei ulike anleggstypane for ulike stoff, og vil dermed samtidig gje ein indikasjon på kor godt SFT sin standardtal for renseeffekt (som vært brukt til å estimere utslepp frå anlegg utan målingar) stemmer med den reelle situasjonen.

4.3.3 Slamproduksjon

Mange anlegg manglar opplysningar om slamproduksjon. For desse anlegga er det estimert tal utfrå rensetype, hydraulisk belastning og ein spesifikk slamproduksjon pr P.E. for kvar type anlegg. Desse estimerte tala utgjer saman med oppgjevne tal for andre anlegg den totale slamproduksjon for kvart fylke og for landet sett under eitt. For Nordsjøfylka er desse tala rimeleg sikre sidan svært mange av anlegga har opplysningar om slamproduksjon, medan tala for resten av landet i mykje større grad er basert på estimat og difor er mykje meir usikre.

5. Resultat


5.1 Avløp og rensing. 1996

5.1.1 Talet på renseanlegg

For heile Norge er det registrert til saman 2210 renseanlegg på minst 50 P.E. i 1996. For fylka varierar talet på renseanlegg blant anna med talet på innbyggjarar, storleiken på fylket og kva krav som er pålagt området utfrå nasjonale målsetjingar om utsleppsreduksjonar.

Hordaland er med sine 303 registrerte renseanlegg det fylket som har flest (figur 1). Deretter følgjer Møre og Romsdal med 235 og Oppland med 215 anlegg. Færrest anlegg finn vi i Vestfold (38), Østfold (45) og Aust-Agder (48).

Figur 1: Talet på registrerte renseanlegg på minst 50 P.E., fordelt på ulike storleiksklassar etter hydraulisk kapasitet (P.E.). Fylke. 1996




Talet på anlegg vil i stor grad gjenspegle busetnadsmønsteret i fylket, og ikkje nødvendigvis det totale innbyggjartalet. I eit stort fylke med låg folketettleik vil den gjennomsnittlege rensekapasiteten pr anlegg ofte vere låg, og den totale rensekapasiteten ofte lågare enn det ein får inntrykk av når ein ser på talet på anlegg.

5.1.2 Rensekapasitet og -prinsipp

Ved bygging av renseanlegg vil val av renseprinsipp i stor grad bli bestemt utifrå lokale forhold som type og tilstand på den aktuelle resipienten, samt tiltakskostnader og nasjonale målsetjingar om utsleppsreduksjonar i det aktuelle området. Situasjonen i Norge dei seinare åra har i stor grad blitt styrt av dei nasjonale forplikingane som følgje av Nordsjøavtalene. Her har dei områda som drenerer til Nordsjøen vore pålagde å redusere utsleppa av fosfor og nitrogen med 50% i løpet av tiårsperioden frå 1985 til 1995. Det har difor i stor grad blitt bygd høggradige renseanlegg, som omfattar biologisk og/eller kjemisk rensing, langs kysten frå Østfold til Rogaland (figur 2). Frå Hordaland og nordover dominerer dei mekaniske anlegga. I tillegg har enkelte fylke, som til dømes Oppland, Hedmark og Troms, ein liten fraksjon av jord- og plantebaserte renseanlegg.

Figur 2: Hydraulisk kapasitet (P.E.) for alle anlegg på minst 50 P.E., fordelt på renseprinsipp. Fylke. 1996



Til saman har norske renseanlegg (≥ 50 P.E.) ein hydraulisk kapasitet på om lag 5.4 millionar P.E. Denne kapasiteten fordeler seg med 63% på kjemiske anlegg, 25% på mekaniske, 8% på kjemisk/biologiske, 2% på biologiske og 2% på andre løysingar.

Det er venta store endringar her etter som Vestfjorden Avløpsselskap (VEAS), som er det største renseanlegget i landet, vil legge om drifta frå å vere eit kjemisk anlegg til å bli eit kjemisk/biologisk anlegg med stor grad av nitrogenfjerning.


5.1.3 Renseeffekt for ulike typer anlegg

Val av renseprinsipp vil vere avgjerande for den renseseffekt ein kan oppnå på avløpsvatnet. Dei enklaste mekaniske løysingane vil gje ein mindre reduksjon av næringsstoff enn dei meir avanserte kjemiske og/eller biologiske anlegga.

For alle anlegg med målingar på inn- og utløpskonsentrasjonar og vassmengde gjennom anlegget, var gjennomsnittleg renseseffekt (vekta etter kloakkmengde gjennom anlegget) for fosfor og nitrogen i 1995 på 88% og 22% (figur 3). Den låge renseseffekten på nitrogen i forhold til fosfor skuldast at ein i Norge hittil har prioritert fosforfjerning framfor nitrogenfjerning.


Renseeffekten for organisk- og suspendert materiale ligg mellom 76% og 83%, alt etter kva parameter ein måler på.

Figur 3: Gjennomsnittleg (vekta) renseseffekt for fosfor, nitrogen, BOF₇, KOF og SS, berekna utfrå alle anlegg med målingar av konsentrasjonar og vassmengde. Heile landet. 1996



Når det gjeld dei ulike anleggstypene varierer renseseffekten på fosfor frå 17% for mekaniske anlegg til 96% for kjemisk/biologiske anlegg (figur 4). Tilsvarende tal for nitrogen er 14% for mekaniske anlegg (usikkert tal pga få målingar) og 47% for biologiske anlegg. At renseseffekten for nitrogen for kjemisk/biologiske anlegg ligg under tilsvarende verdi for biologiske anlegg kan sannsynlegvis skuldast uvisse knytta til få målingar.

Figur 4: Gjennomsnittleg (vekta) renseeffekt for fosfor og nitrogen for dei ulike renseprinsippa, berekna utfrå alle anlegg med målingar av konsentrasjonar og vassmengde. Heile landet. 1996




Sidan høggradige renseanlegg nesten er einerådande i Nordsjøområdet, medan mekaniske anlegg er mest utbreidd i resten av landet, vil det vere store regionale forskjellar i graden av rensing av avløpsvatn. Berekningar, der ein i tillegg til anlegg med målingar òg har inkludert anlegg utan målingar ved å bruke standardtal for renseeffekt for desse, har vist at ein i Nordsjøområdet har ein gjennomsnittleg renseeffekt på fosfor på 89%, medan tilsvarande tal for resten av landet er 34% (SSB 1996a).

5.1.4 Utslepp av fosfor og nitrogen

Tilførsel av næringsstoff (fosfor og nitrogen) til vatn fører til overgjødning (eutrofiering) av elvar, innsjøar og sjøområde. Overgjødning fører til redusert vasskvalitet og skapar problem for ei rekkje brukarinteresser. Ei av dei alvorlegaste skadevirkningane er masseoppblomstring av giftige algar. Dette fører til at vatnet blir ubrukeleg for dei fleste føremål, og gjennom auka nedbryting av organisk materiale kan resultat bli oksygenmangel og fiskedød. Gjennom effektiv rensing av avløpsvatn kan ein redusere desse problema, men utsleppa kan i praksis aldri eliminerast heilt.

Utsleppa for 1996 er berekna til om lag 1 700 tonn fosfor og 21 600 tonn nitrogen. Det aller meste av dette er utslepp av rensa avløpsvatn frå renseanlegg og tap frå leidningsnett (til saman 53% av fosfor- og 69% av nitrogenutsleppa), resten kjem frå anna tett busetnad (13% og 8%), spreidd busetnad (20% og 14%) og direkte utslepp av urensa kloakk frå kommunalt nett (14% og 9%).


Figur 5: Totale utslepp av fosfor og nitrogen. Tonn pr år. Fylke. 1996



Når det gjeld dei totale utslepp av fosfor og nitrogen, er det Oslo/Akershus og fylka frå Rogaland og nordover langs kysten som er dei største bidragsytarane (figur 5). Som følge av Nordsjøavtalene som pålegg fylka frå Østfold til Vest-Agder svært strenge rensekrav, er fosforutsleppa (inkludert industri og landbruk) i desse fylka redusert med 43% frå 1985 til 1995 (SSB 1996b). I 1996 stod Nordsjøfylka for 27% av dei totale utsleppa av fosfor frå avløpssektoren, medan tilsvarande tal for nitrogen var 48%. Utsleppa av nitrogen vart i løpet av den same tiårsperioden berre redusert med 21% (SSB 1996b). Dette illustrerar det faktum at nitrogenfjerning ikkje har blitt like mykje vektlagt som fosforfjerning i denne perioden. I tida framover vil det frå MD si side bli satsa mykje på utbygging av nitrogenrensetrin ved store anlegg som ligg i nedbørsfeltet til strekninga Hvaler-Singlefjorden. Dette for å motvirke den negative utviklinga i vasskvalitet ein har observert i dei ytre område av Oslofjorden.

Ser vi derimot på utslepp av fosfor og nitrogen pr person (figur 6), er situasjonen noko annleis. Som forventa har fylka frå Rogaland til Finnmark størst utslepp pr person.

Figur 6: Utslepp av fosfor og nitrogen pr person. Kg pr år. Fylke. 1996




På landsbasis slapp vi i 1996 ut 0.39 kg fosfor og 4.9 kg nitrogen pr person. For Nordsjøfylka er tilsvarende tal 0.19 kg fosfor og 4.4 kg nitrogen, medan innbyggjarane i resten av landet i 1996 slapp ut 0.63 kg fosfor og 5.6 kg nitrogen pr person.

5.1.5 Direkte utslepp av urensa avløpsvatn frå kommunalt leidningsnett

Mykje arbeid har vore lagt ned i avløpssanering dei siste åra. For 1996 gjekk nærare 80% av investeringane til utbygging og rehabilitering av det kommunale leidningsnettet (SSB 1997). Stadig fleire blir knytta til leidningsnett og kommunale renseanlegg, noko som på sikt vil føre til ein reduksjon i utsleppa som følgje av at ei betre rensing av avløpsvatnet frå desse husstandane. Sjølv om det aller meste av kloakken frå tettstader i dag går til renseanlegg, er det i enkelte område enno ein del kommunale avløpsrør som leier kloakken urensa til resipienten.

Det er i 1996 registrert totalt 632 utsleppspunkt for urensa kloakk frå kommunalt leidningsnett. Desse stod for 14% (242 tonn) av fosforutsleppa og 9% (1 943 tonn) av nitrogenutsleppa i 1996 (figur 7).

Figur 7: Mengda av fosfor og nitrogen i direkte utslepp av urensa kloakk frå kommunalt leidningsnett. Tonn pr år. Fylke. 1996




Når det gjeld direkte utslepp av urensa avløpsvatn er det betydeleg større fylkesvariasjonar enn på dei totale utsleppa. Nordsjøfylka har til saman registrert berre ni direkte utslepp frå kommunalt leidningsnett, medan tilsvarende tal for dei resterande fylka er heile 623. Møre og Romsdal dominerar her med sin 200 direkte utslepp, medan Finnmark og Nordland på dei neste plassane har 126 og 123 utsleppspunkt kvar. Når det gjeld direkte utslepp sin andel av totalutsleppa i dei ulike fylka, ligg Finnmark på topp med 51% for fosfor og 43% for nitrogen. Deretter kjem Troms, Møre og Romsdal og Nordland, alle med ein andel av direkte utslepp på over 25%.

I tillegg til desse utsleppspunkta frå kommunalt leidningsnett, kjem direkte utslepp frå spreidd busetnad. Om lag 20% av innbyggjarane i Norge er ikkje tilkobla kommunalt nett, og av desse har om lag kvar tolvte husstand direkte utslepp av avløpsvatn. Utsleppa frå desse husstandane er berekna til 36 tonn fosfor og 270 tonn nitrogen årleg.

Direkte utslepp frå tett og spreidd busetnad utgjer då til saman om lag 278 tonn fosfor (16% av totalen) og 2213 tonn nitrogen (10% av dei totalen). Det er med andre ord eit bra potensiale for rensing på dette området. Sidan nye hus er pålagde å levere avløpsvatn gjennom kommunalt nett eller rensa det ved hjelp av separate avløpsløyser, er det hovudsakleg eldre hus som slepp ut urensa kloakk i spreidd busetnad.

Dersom ein ser på kva typar resipientar som er mest nytta til direkte utslepp, så dominerar dei marine resipientane fjord og kyst (figur 8).

Figur 8: Direkte utslepp fordelt på dei ulike resipientane. Heile landet. 1996



Heile 72% av dei direkte utsleppa av avløpsvatn skjer frå busetnadar i fjordarmar, medan 27% blir sleppt ut langs kysten. Berre 0.2% går til innlandsresipienten elv/bekk. Det er ikkje registrert direkte utslepp frå kommunalt leidningsnett til innsjøar i Norge i 1996, sjølv om ein ikkje kan sjå vekk frå at nokre av dei ukjende resipientane er innlandsresipientar som elvar og innsjøar.


5.1.6 Slamproduksjon og bruksmåtar

Slam er eit restprodukt frå renseprosessen ved anlegga, og det inneheld både organisk materiale og plantenæringsstoff som kan brukast som gjødsel på jordbruksland og andre grøntareal. Sidan slam òg inneheld tungmetall i varierende grad, vert det stilt strenge krav til bruken av slam. Dersom slam skal brukast til slike føremål må ikkje innhaldet av tungmetall overskride visse grenseverdier fastsette av forureiningsmyndigheitene. I tillegg skal all bruk godkjennast av kommunale myndigheiter (MD 1996).

Total slamproduksjon i Norge i 1996 er berekna til om lag 95300 tonn slamtørrstoff. Det er tildels store variasjonar mellom fylka både i bruken av slammet (figur 9) og i rapportert slamproduksjon (figur 10). Oslo/Akershus på topp stod for 35% av den berekna slamproduksjon i landet, medan Finnmark på botnen berre stod for 0.4%.


Slammet blir i mykje større grad nytta til jordbruk og grøntareal i Nordsjøfylka enn i resten av landet. I Nordsjøfylka vert 67% av den totale produksjonen av slamtørrstoff nytta til desse føremåla, medan tilsvarande tal for resten av landet berre er 21%. For Norge under eitt vert 58% av slammet brukt som jordforbetningsmiddel på jorbruksareal og andre grøntareal. Det meste av slamproduksjonen i fylka frå Rogaland til Finnmark går til separate deponi, avfallsfyllingar og mellomlagring (til saman 70%).

Figur 9: Innrapporterte slammengder fordelt på bruksmåtar. Tonn slamtørrstoff pr år. Fylke. 1996



Både total slamproduksjon og slamproduksjon pr innbyggjar er mykje høgare i Nordsjøfylka enn i resten av landet. Buskerud er fylket med størst slamproduksjon pr innbyggjar med sine 45 kg slamtørrstoff, medan Troms hadde lågast med berre 4 kg.

Figur 10: Slamproduksjon pr innbyggjar. Kg tørrstoff pr pers pr år. Fylke. 1996



At slamproduksjonen pr innbyggjar varierer så mykje mellom desse to regionane kan kome av det faktum at renseanlegga i Nordsjøfylka er høggradige og dermed har ei mykje meir effektiv rensing av avløpsvatnet, men òg at rapporteringa på slam tildels er mangelfull i enkelte fylke utanfor Nordsjøområdet.

5.2 Innrapporteringsgrad, datakvalitet og uvisse knytta til berekningane.


5.2.1 Innrapportering

I SSB vart det på byrjinga av 80-talet samla inn og lagra detaljert informasjon om avløpsrenseanlegg. Av fleire grunnar vart dette statistikkområdet noko nedprioritert dei følgjande åra, og ikkje gjeve høg prioritet igjen før på byrjinga av 90-talet.

Talet på registrerte anlegg har i perioden 1993 til 1996 auka jamt og trutt (Figur 11). Spørsmålet er om denne auken er reell, eller om det rett og slett skuldast ei stadig meir omfattande registrering av eldre og mindre anlegg etter kvart som ein har kome ajour med registreringa av dei nye anlegga.

Ein gjennomgang av våre data frå 1993 til 1996 tyder på at ein god del av auken truleg kan forklarast utfrå sistnemnde faktor. I løpet av denne perioden auka talet på anlegg på minst 50 P.E. frå 1822 til 2210, ein netto auke på 388 anlegg. Sidan nokre anlegg òg er blitt lagt ned i same perioden er det reelle talet på nye anlegg noko høgare. Med utgangspunkt i opplysningane om oppstartsår for anlegga er det i same perioden registrert berre 117 nyetablerte anlegg. Dei resterande anlegga manglar opplysningar om oppstartsår, mest sannsynleg dreier dette seg om eldre og mindre anlegg med ukjent oppstartsår som er blitt registrert etter kvart som kommunane har fått oversikt over avløpssektoren. Det faktum at store anlegg (≥ 50 P.E.) utgjer ein mykje større andel av den totale auken (inkl. anlegg < 50 P.E.) i byrjinga av perioden 1993-1996 enn på slutten, indikerar at kommunane konsentrerte seg om dei store anlegga i starten, og tok dei mindre etter kvart som oversikten betra seg.

Figur 11: Talet på anlegg registrert, auke i talet innrapporterte anlegg pr år og talet på nye anlegg (registreringsår lik det aktuelle rapporteringsåret) i perioden 1993-1996. Heile landet.



Figur 11 viser utviklinga i talet på renseanlegg på minst 50 P.E. dei siste tre åra, og viser samtidig kor stor del av den årlege auken som nye anlegg (dvs anlegg som er oppført med oppstartsår lik gjeldande år) utgjør. Differansen mellom talet på nye anlegg og årleg netto auke i registrerte anlegg, er då sannsynlegvis i stor grad eldre anlegg som først er blitt registrert eitt eller fleire år etter at drifta opprinneleg vart sett i gong.

Eit illustrativt eksempel på den utviklinga som har skjedd er Nordland som i 1994 hadde registrert 31 renseanlegg. Mykje arbeid vart lagt ned for å få registrert alle anlegga rundt om i fylket, og året etter var talet på renseanlegg kome opp i 182. I tillegg var 120 direkte utslepp òg blitt registrert. Svært få av desse nyregistrerte anlegga/direkte utsleppa stod oppført med oppstartsår 1995. Størsteparten av desse anlegga er då truleg eldre anlegg der utsleppstal ikkje har kome med på årsstatistikken før i 1995. Mykje av det same ser ein i fylke som Møre og Romsdal og Finnmark frå 1993 til 1994.


Konsekvensane av dette på utsleppsberkingane kan då bli utslepp frå anlegg og direkte utslepp som har eksistert i mange år ikkje har kome med i berkingane før dei siste åra, og at både utslepp og utsleppsreduksjonar dermed har blitt underestimert. Ein har med andre ord ein situasjon der dei berekna tala ganske sikkert er for låge, men der dei samtidig nærmar seg dei reelle utsleppstala som følgje av ein stadig forbetring av registreringa av både direkte utslepp og renseanlegg.

Fleire faktorar gjer det vanskeleg å fastslå kor mykje underestimert dei tidlegare berekna utsleppa/utsleppsreduksjonane er. Sidan anleggsnummeret er nøkkelen i databasen, kan følgjande faktorar bidra til at anlegg/direkte utslepp framstår som nyregistrert sjølv om utsleppa tidlegare har kome med i berkingane på ulike vis:

- Anlegg kan ha blitt bygd om og fått nytt anleggsnummer.

- Inndelinga i rensedistrikt kan ha endra seg, slik at område som tidlegare låg under andre rensedistrikt etter kvart er blitt egne rensedistrikt og har fått egne anleggsnummer.
- Rensedistrikt/anlegg som tidlegare har vore slegne saman i kategorien ikkje definert rensedistrikt kan ha blitt definert som egne rensedistrikt i dei seinare åra. På den måten har utsleppa kome med i berekningane i tidlegare år òg, men ikkje som utslepp frå definerte rensedistrikt.
- For enkelte anlegg/direkte utslepp er det usikkert om det rapporterte oppstartsåret verkeleg stemmer.


Figur 12: Estimerte utslepp av fosfor og nitrogen frå nyregistrerte renseanlegg, samt hydraulisk kapasitet og belastning ved dei same anlegga. Utslepp av P og N er estimert utfrå anlegga sin hydrauliske belastning og standard renseseffekt for dei ulike renseprinsippa. Heile landet. 1993-1996



Vi ser at eldre anlegg utgjør ein stor del av nyregistreringane, spesielt i byrjinga av perioden. Dei estimerte utsleppa av fosfor og nitrogen frå eldre anlegg gjekk i denne perioden ned frå 65 tonn/470 tonn i 1994 til 21 tonn/150 tonn i 1995, og vidare til 11 tonn/180 tonn i 1996. Dette er då utslepp som har vore der i tidlegare år, men som *kanskje* først er blitt registrert i ettertid. For 1995 og 1996 er det mange nye anlegg med ukjent oppstartsår, desse stammar stort sett frå Nordland i 1995 og Hedmark/Troms i 1996, og er med sannsynlegvis i stor grad eldre anlegg.

Grunnen til at vi ikkje kan slå fast heilt sikkert at utsleppa frå desse anlegga ikkje har kome med tidlegare, er at ein i same perioden ser ein nedgang i talet på personar registrert i ikkje definerte rensedistrikt. Med andre ord kan ein del av desse anlegga ha inngått i samlekategorien "ikkje definert rensedistrikt", og dermed likevel kome med i berekningane.

Figur 13. Talet på registrerte personar i SSB-avløp, fordelt på dei tre kategoriene rensedistrikt, ikkje definert rensedistrikt (anna tett busetnad) og spreidd busetnad. 1000 pers. 1994-1996



Vi ser at talet på personar i rensedistrikt og spreidd busetnad har auka frå 1994 til 1996, medan talet på personar i ikkje definerte rensedistrikt har gått ned frå 396 000 til 256 000. Dette kan indikere at nokre av utsleppa frå eldre nyregistrerte anlegg likevel har kome med i denne kategorien, men neppe alle. Det at ein for enkelte anlegg brukar målte verdiar i berekningane av utslepp, medan ein for andre brukar hydraulisk kapasitet eller talet på P.E. tilknytta, gjer det svært vanskeleg å få oversikt over kva som er kome med og kva som ikkje er kome med i dei berekningane som er gjort. Dersom ein til dømes ser på figur 13 kan det virke som om 600 000 personar (differansen mellom innbyggjarar i Norge og registrerte i SSB-avløp) ikkje har kome med i utsleppsberkingane i 1996, men det treng ikkje vere tilfelle, for utslepp frå desse kan ha kome med dersom utsleppa er berekna utfrå hydraulisk kapasitet eller konsentrasjon/vassmengde.

Oppsummering innrapportering:

- Vær nøye med å registrere årstal for når rensdistrikta/anlegga vart sett i drift og evt. når dei vart lagt ned.
- Sørg for at alle rensedistrikt har opplysningar om talet på personar og/eller personekvivalentar tilknytta.
- Dersom anlegg vert ombygde og får nye anleggsnummer, skriv då anleggsnamnet med til dømes *ombygd* eller *etter ombygging* i parentes bak.

5.2.2 Datakvalitet og berekningsmåtar

Etterkvart som kommunane har fått betre oversikt over avløpssektoren, har datakvaliteten betra seg. Tala for hydraulisk belastning/P.E. tilknytta er stadig blitt betre, og stadig fleire anlegg har målte verdiar på bl.a. inn- og utløpskonsentrasjonar, slamproduksjon, tungmetall etc. Likevel, dersom ein tek utgangspunkt i 1995-tala så manglar 135 anlegg dei data som er naudsynte for å berekne utslepp (sjå kap. 4.3.1). For 1996 er talet på anlegg oppe i 230. All erfaring tilseier at dette stort sett er mindre anlegg, slik at deira bidrag til dei totale utsleppa av fosfor og nitrogen nok er mykje mindre enn deira prosentandel av det totale talet på anlegg. Likevel, dette er eit problem med tanke på berekningane av dei totale utsleppa, og det er difor viktig at kommunane ser nærare på dette i tida framover.

Som nemnt i kap. 4.3.1 vert fosfor- og nitrogenutsleppa berekna på ulike måtar alt etter kva data ein har tilgjengeleg frå det aktuelle anlegget. Ved å samanlikne utsleppa ein får ved dei ulike berekningsmåtene for anlegg der ein har alle data tilgjengeleg, kan ein få ein peikepinn på kva innverknad berekningsmåten har på dei totale utsleppsestimata. I tabell 1 er det, utifrå dei ulike berekningsmåtene, regionvis summert opp totale fosforutslepp frå renseanlegg med komplette data. Talet på anlegg er med andre ord likt for alle berekningsmåtene, slik at tala i tabellen gjenspeglar berekningsmåten sin innverknad på dei estimerte utsleppa.

Tabell 1: Utslepp av fosfor (P) frå alle renseanlegg i fylka med fullstendige opplysningar om totalutslepp (1), utløpskonsentrasjonar og vassmengde (2), samt hydraulisk belastning (3)/personeiningar (P.E.) tilknytta (4). Tonn. 1995 og 1996.

Fylke/region	1995					1996				
	Talet på anlegg	Berekningsmåte			Differanse ¹	Talet på anlegg	Berekningsmåte			Differanse ¹
		1	2	3 / 4	Prosent		1	2	3/4	Prosent
Østfold	31	9.0	7.8	16.1	+91	29	8.8	8.7	15.1	+ 73
Oslo/Akershus	22	32.3	33.5	71.6	+118	7	14.3	13.4	49.0	+ 255
Hedmark	68	4.7	5.3	6.8	+36	67	5.6	5.8	6.4	+ 12
Oppland	80	4.2	4.2	7.8	+86	79	4.1	3.9	7.3	+ 84
Buskerud	52	8.1	8.2	14.0	+72	58	8.7	8.4	12.7	+ 49
Vestfold	31	14.8	15.3	33.6	+123	31	13.0	15.4	27.5	+ 94
Telemark	44	6.1	6.7	9.6	+49	47	5.6	5.7	8.8	+ 56
Aust-Agder	24	14.6	15.8	43.9	+189	25	11.1	13.0	41.4	+ 242
Vest-Agder	28	7.3	6.9	13.6	+91	25	8.7	8.7	16.4	+ 89
Nordsjøfylka	380	101	104	217	+112	368	80	83	185	+ 127
Resten av landet	77	97	103	110	+10	103	123	133	132	+ 3
Heile landet	457	198	207	327	+62	471	203	216	316	+ 53

¹ Differansen mellom berekningsmåte 3 / 4 og snittet av 1 og 2.

Det viser seg at totalutslepp berekna utifrå berekningsmåte 1 (kg fosfor pr år) og 2 (middelkonsentrasjon og vassmengde) som forventa gjev forholdsvis like resultat. Derimot vil ein ved berekningar der ein går ut frå hydraulisk belastning eller talet på personar tilkoppa kommunalt nett, få eit resultat som utan unntak ligg til dels høgt over resultatet ein får om ein tek utgangspunkt i berekningsmåte 1 eller 2.

